

Generator frå Tsjekkia på plass i Tverrelva Kraftverk.

12.12.2016



Generatoren på 30 tonn vert sett på plass i kraftstasjonen.

I dag vart generatoren til Tverrelva Kraftverk på Haugland sett på plass. Den veg 30 tonn og er henta i Tsjekkia. Utbyggjar med SKL kjøper teneste frå Energi Teknikk med innkjøp, transport og innheising. Med bruk av HARDING sin krane vart generatoren i dag sett på plass i kraftstasjonen.



[HARDING sin krane vart brukt for å ta eit løft på 30 tonn.](#)

Generatoren er levert frå TES i Tsjekkia. Energi Teknikk er fast kunde hos TES. Jørn Hjelmeland i Johs. A. Hjelmeland fortel til Uskedalen.no at sjølve transporten frå Tsjekkia til Kvinnherad tok ei veke og vart gjort med innleigd transportfirma, før den siste etappen fram til Haugland vart gjort med egne bilar. Hjelmeland har kjøpt seg inn i Energi Teknikk og er mellom anna ansvarleg for transport. Alt sist veke fekk Hjelmeland på plass ein endå større generator, enn den i Uskedalen, til eit kraftverk på Voss
TES generatoren er på 5 MW (Megawatt) og skal kunna gje straum til 950 husstandar. Generatoren vart heist ned i taket på kraftstasjonen og sett på eit fundament i påvente av skifte av nokre vitale deler. Etter nokre timar vart jobben slutført.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Prosjektleder Kjellevik (t.h.) og byggeleder Heimvik er godt n gde med at generatoren er p  plass. Berre nokre justeringar, s  er jobben gjort.